

# Herand Bygdelag

## Årsmelding 2013

Det ordinære årsmøte i Herand Bygdelag vart halde 7. april 2013 .  
Etter årsmøte har styret for bygdelaget hatt følgjande samansetjing:

Leiar: Sidsel Haugen  
Nestleiar: Sigmund Eiken  
Kasserar: Gerd Ingeborg Haugen  
Skrivar: Britt-Heidi Selsvik  
Styremedlem: Arne Bergstø  
Styremedlem: Knut Haugen  
Styremedlem: Kaia Gulbrandsen  
Varamedlem: Hanne Hesthammer  
Varamedlem: Hildegunn Guddal  
Varamedlem: Jan Tore Huus

### Styrearbeid

Styret har hatt 13 styremøter i 2013. I tillegg kjem arbeidsmøter i samband med gjennomføring av Herandshelg og Haustmarknad. Første varamedlem, Hanne Hesthammer, har vore innkalla til alle møter.

### Barnehagen

Etter klare instruksar frå det ordinære og ekstraordinære årsmøte i 2012, vart det gjort ein stor innsats for vidare drift av Herand Barnehage. Første halvår 2013 vart den drifta som Familiebarnehage, grunna manglande personale med formell kompetanse. Planen var oppstart av ordinær barnehagedrift f.o.m. hausten -13. Det viste seg imidlertid vanskeleg å få kvalifiserte søkjara i den utlyste førskulelærarstillinga. I mai blei det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle arbeida med barnehagesaka. I juni kom denne med følgjande innstilling; « *På bakgrunn av budsjettforslag, kan ikkje arbeidsgruppa sjå at det er grunnlag for vidare drift av Herand Familiebarnehage frå 1. august 2013*», dei uttalte vidare; «*Herand Bygdelag ønskjer å starta oppatt med barnehage, dersom det vert grunnlag for det*». Herand Bygdelag vedtok å leggja ned Herand Barnehage frå 1. august 2013. Det blei lagt ned mykje arbeid i høve opprydding i barnehagen. Herand Barnehage hadde inngått ein samarbeidsavtale med Jondal kommune. I høve denne kjøpte Jondal kommune utstyr frå Herand Barnehage for kr. 21 980.-. Elles blei mykje utstyr seld/auksjonert bort under Haustmarknaden bygdelaget arrangerte.

Drifta i Herand Familiebarnehage gjekk med kr. 8 235.- i underskot i 2013. Då rekneskapen for barnehagen var avslutta og alle kontoar gjort opp, vart barnehagen sine oppsparte midlar, kr. 50 078.-, overført Bygdelaget.

## Bygdedugnaden

Dugnaden blei halden 27. april 2013, 69 personer deltok i det fine vèret. Kvinne- og familelaget hadde, tradisjonen tru, laga god graut og kaffimat i bedehuset.

Det vart utført mykje dugnadsarbeid mange stader i bygda, som bl.a.:

- Gravplassen; oppstilling av stillas for seinare mearbeid, beskjæring av tre, samt rydding. Prøving av senkeutstyr.
- Opprydding langs vegen og Lurenskykkja.
- Båthamn, badestrand og båtbyggjarmuseet; gjennomgang av grøntområde, spyling og rydding.
- Bedehuset: oppsetjing av stillas og pussing av dører. Matsservering.
- Turstien: rydding og brenning av krattskog, reperasjon av bru og steinsetjing av våte parti, samt rydding av nedblåse tre.
- Grannahuset: rydding, vasking inne, opprydding ute. Flaggstong klargjord og 2 vindauge montert på kjøkkenet.
- Helleristingsfelt: rydda krattskog, lagt stein ved opplysingsskilt og grøfta vatn.
- Skuleområdet: rydding av bed, felling av gamle plommetrær. Skraping av ballplass. Festa lause heller, spyling og opprydding av uteområdet.
- Ballbinge: oppsett av nytt ballnett, kosting og rydding av ballbingen. Ferdiggjering av gjerdenett rundt ballbingen.

Styret takkar alle for innsatsen med å gjera bygda innbydande for alle, både fastbuande og tilreisande.

## Herandshelg

Herandshelga vart arrangert 6. og 7. juli. Arrangementet blei eit samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar i bygda, samt lokale næringslivsaktørar. Mange av aktivitetane var i år knytt til Herand skule. Øyvor Bakke var konferansier under opninga. Besøkjande kunne få med seg både underhaldning og mange ulike aktivitetar som bl.a.:

- Opning med foredrag og musikkinnslag ved lokale musikarar
- Aktivitetar på skuleplassen ved Herand Idrettslag
- Guida tur til og omvising på Eikjetunet Lefsebakeri. Dei hadde òg utsal på skulen.
- Demonstrasjon av oppgongssaga
- Ope Husflidkroken
- Ope båtbyggjarmusèum
- Ope på Herand Kulturhistoriske senter med ljusbiletetframsyning av ny biletserie
- Vassaktivitetar på badestrandi ved Luren 4H
- Open krambu i Vik
- Konsert, dans og kafè på skulen, laurdag kveld i samarbeid med Herand Danselag
- Klatring og rappelling i Vasselhelderen ved Folgefonni Breførlag
- Gudsteneste i Bedehuset og kyrkjekaffi hjå Berit og Haldor på Tveite

Herandshelga gjekk med eit overskot på ca. 8 800.- kr.

Styret takkar alle som var med å gjera dette til ei flott helg for bygdefolk og tilreisande.

### Haustmarknad

Etter rydding og gjennomgang av «ting og tang» i barnehagen og skulen, kom idèen om haustmarknad i staden for den tradisjonelle julemessa. Haustmarknaden blei arrangert laurdag, 12. oktober i strålande haustvèr, på Herand skule. Styret i Herand Bygdelag stod for arrangementet, saman med nokre gode, lokale hjelpera.

Programmet bestod av:

- auksjon
- loppemarknad
- krambu med kortreist mat
- biletframsyning
- kafè
- komlemiddag

Styret spurde nokre utvalde produsentar om å få selja varene deira. Alle som vart spurd, svara ja. Marine Harvest sponsa Bygdelaget med ferske laksefilèter til ein verdi av kr. 10 000.-. Erling Neteland var auksjonarius. Skulen var fullsett av folk som koste seg, åt god mat og handla.

Til saman blei det omsett for kr. 141 000.- denne laurdagen. Overskotet var kr. 92 000.-. Styret takkar alle medhjelpere for god jobb og velvilje i høve marknaden. Takkar òg for svært godt fram møte og oppslutning kring haustmarknaden.

### Bygdekafè

I samarbeid med andre lag i bygda har Herand Bygdelag også dette året arrangert Bygdekafè på skulen ein søndag i månaden. Overskotet går til bygdelaget.

### Julebasar

Den årlege basaren vart arrangert 29. desember under leing av Sidsel Haugen. Det blei seld loddar på bok i forkant, og mange bedrifter og enkeltpersonar støtta opp om gevinster. Basaren og sal av lodd gav eit samla overskot på kr. 42 600.-. Styret takkar alle som gav gevinster, og for godt fram møte og oppslutning om basaren.

### Herand Bygdeblad

Redaksjonen for bygdebladet har også i 2013 gjort ein stor dugnadsinnsats med å produsera og destribuera fire flotte nummer av det populære bladet. Bygdebladet hadde 310 faste abonnentar siste året og gav eit overskot på ca. kr. 31 110.-. Styret takkar bladredaksjonen for framifrå innsats.

### Jondal Frivilligsentral

Herand Bygdelag har gått inn med 10 andelar i Jondal Frivilligsentral. På årsmøte for JF hausten 2013, vart Sidsel Haugen vald inn i styret for 2 år, som representant for Herand Bygdelag. Ole Gjerde blei tilsett i stillinga som dagleg leiar frå 1. desember-13.

### Velkomstgaver

Herand Bygdelag har delt ut 5 velkomstgaver til nyinnflytta i Herand. Dei har fått blom og 1 års abonnement på Herand Bygdeblad.

## Herand skule

Styret har lagt ned mykje arbeid i drift og vedlikehald av skulebygget. Det har vore stor aktivitet dette året, med mange faste brukera. Mellom anna er det utført;

- maledugnad på gymsalbygg
- klargjering av felleskontor og arkiv for lag og organisasjoner
- leige av fast vask ein gong i månaden
- utarbeiding av nye leigetakster
- utleige av eit nytt rom og oppfølging av leigeavtalar og brukera
- rydding av loft, barnehage, kontor, kjøkken m.m.

Herand, 23. mars 2014

Sidsel Haugen

Britt-Heidi Selsvik

Kaia Gulbrandsen

Sigmund Eiken

Knut Haugen

Hanne Elisabeth Hesthammer

Gerd Ingeborg Haugen

Arne Bergstø